



Kinn kommune

Møtebok

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Florø
Dato: 13.04.2023
Tid: Kl. 09:00 - 13:30

Følgjande medlemmer møtte

Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Bente Nygård	Kinn AP
Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Petter Karl Refsnes	Kinn AP
Ronny Cassells	Kinn AP
Silje Ødegård Standal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Vidar Grønnevik	Kinn H
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Kine Andersen Nygård	Kinn MDG
Daniel Erik Adrian Henriksson	Kinn Rødt
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt
Sunniva Audardottir Oldeide	Kinn Rødt
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Sidsel Fænn Kongsvik	Kinn SP
Torgunn Elisabeth Eikevik	Kinn SP
Ingunn Kjersti Frøyen	Kinn SV
Edvard Iversen	Kinn V
Hilmar Eliasson	Kinn V
Jacob André Telvik Nødseth	Kinn V
Jan Henrik Nygård	Kinn V
Asgeir Olav Solheim	UAH
Randi Hagevik Aare	UAH
Tom André Vedvik Hopland	UAH

Forfall

Lars Terje Standal
Leif Magne Gil
Miriam Johanne Nesje
Arlene Vågane
Hanne Eva Husebø Kristensen
Kristian Skibenes
Morten Andreas Hagen
Geir Arne Solheim
Kjell Heggen
Jon Valur Olafsson
Fredrik Smiley Egeberg

Parti

Kinn AP
Kinn AP
Kinn FrP
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn MDG
Kinn Rødt
Kinn SV
UAH

Varamedlem

Ralf Einar Johannessen
Inger Strand Kvalheim
Kjell-Magne Kvalheim
Vebjørn Leite Olsen
Bengt Solheim-Olsen
Mats Brunsvik
Ingvar Torsvik Myrvollen
Brage Nybø Waage

Olav Horn
Anita Eikevik

Parti

Kinn AP
Kinn AP
Kinn FrP
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn H
Kinn MDG

Kinn SP
Kinn SP

Ugild	Sak	Følgjande varamedl. møte	Merknad
Gustav Johan Nydal	044/23		Representanten Nydal erklært inhabil jamfør forvaltningslova §6 2. ledd.

Møtenotater:

Jan Henrik Nygård fråtrjedde møte kl. 13.15.

Frå administrasjonen møte:

Øyvind Bang-Olsen, Rolf Bjarne Sund, Runa Nybakk, Linda Nipen, Ragnhild Holm, Henrik Ulriksen, Frida Rogne.

Andre som møte:

Ungdommens kommunestyre v/ Håkon Heggen

Kontrollutvalet v/ leiar Kjell Heggen

Vestland revisjon v/ Trine Havn

Orienteringssaker:

Økonomirapportering v/ Øyvind Bang-Olsen, Runa Nybakk, Rolf Bjarne Sund og Ragnhild Holm.

Ola Teigen

Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
035/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
036/23	Godkjenning av møteprotokoll
037/23	Refererte skriv og meldingar
038/23	Spørsmål
039/23	Årsplan for kontrollutvalet 2023
040/23	Årsmelding 2022
041/23	Sluttbehandling - Detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr 353/15 m.fl, veg
042/23	Vedtak - oppheving av gamle reguleringsplanar Florelandet - Brandsøy
043/23	Rebudsjettering unytta investeringsløyving per 31.12.2022
044/23	Behandling av klage - Detaljregulering for Almenningen, gbnr 352/7 m.fl., næring
045/23	Revisjonsrapport - berekning og utbetaling av tappt arbeidsforteneste
046/23	Interpellasjonar
002/23	Interpellasjon/ spørsmål til kommunestyremøte 13.04.2023 - Symbol og symbolikk i Kinn kommune
003/23	Spørsmål til kommunestyremøte 13.04.2023 - ordninga om fritak frå eigedomsskatt



Saksnr.	Utval	Møtedato
035/23	Kommunestyret	13.04.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 035/23 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Godkjenning av innkalling:

Ingen merknadar.

Godkjenning av sakliste:

Orientering om ny brannordning utsettast.


Spørsmål frå Henriksson er oppmeldt som ein interpellasjon, men er eit spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 035/23 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
036/23	Kommunestyret	13.04.2023

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 036/23 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 036/23 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 16.03.2023



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 23/13504
Sakshandsamar: Frida Rogne
Dato: 31.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/23	Kommunestyret	13.04.2023

Refererte skriv og meldingar

KOST- 037/23 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedtatt.

KOST- 037/23 Vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Underliggande sak:

003/23, Møtebok - Kontrollutvalet - 09.03.2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
038/23	Kommunestyret	13.04.2023

Spørsmål

KOST- 038/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Spørsmål frå Daniel Henriksson:

Den 16 mars i år vedtok kommunestyret i sak 033/23 prinsipp, saksgang og søknadsskjema for fritak frå eiendomsskatt. Vi i Raudt er veldig glade for at denne ordninga no er på plass. Det viktige no framover blir å gjere dette kjent for innbyggjarane våre slik at dei dette gjeld får vite om ordninga. Spørsmål: Korleis skal vi få informert godt om ordninga? Kva planar finst for slik informasjon?

Svar frå ordførar:

Det blir jobba med eit digitalt skjema der ein kan søke om fritak, og dette vil bli ferdig om kort tid. Etter kommunestyrevedtaket i mars har ein jobba med å få laga ein nettartikkel på heimesida kor ein informerer om ordninga og link til søknadsskjema som vi no legg ut. Det blir også presentert nettnyheter i sosiale medier. I tillegg kan vi bruke media, det være seg å lage ei pressemelding med informasjon, om ordninga slik at den på denne måten kan bli kjend.

Spørsmål frå Arlene Vågane:

Kinn kommune har rukket mykje i den korte tida vi har eksistert. Vi er kåra til Noregs raraste kommune, vi har vunne Lev Vel prisen for gode tenester til eldre og vi har vunne pris for innkluderingsarbeidet vårt. Dette viser at vi gjer mykje rett og kommunen leverer gode tenester til innbyggjarane sine- som er det aller aller viktigste vi held på med som kommune.

Hausten 2022 landa vi på at vi held fram som Kinn kommune. Sjølv om det var delte meiningar om dette er det vedtatt at vi er ein kommune og at vi skal halde fram som ein kommune. Då tenker eg at det er på sin plass å gjere dei vedtak som kanskje ikkje vert rekna som dei viktigste i eit kommunestyre, men som eg meiner faktisk betyr ein god

del. Åpninga av Vetlandshuset var ei påminning om at det er ein del som ikkje er heilt på plass i kommunen vår.

Symbol og symbolikk er med på å skape identitet og samfølelse. Vi treng å bygge Kinn kommune vidare og vedtak om symbola våre bør og vedtas. Eg ønsker derfor sak til kommunestyret om kva vedtak vi manglar, i tillegg til stein treng vi nok å finne ut kva som skal vere kommune blomst, fugl og sikkert andre ting. Vi har mange driftige innbyggjarar, med kunnskap om det meste. Her er det bare å sette i gong med forslagskonkurranse til dømes. Eller ei anna god løysing. I media har eg vist fram Mats Brunsvik skisse til eit nytt ordførar kjede. Eg ber og om sak på korleis vi kan få eit ordførarkjede i Kinn kommune.

Eg er stolt av kommunen min, og det er det nok mange andre som er og. Nå er det tid for å vedta og symbolpolitikk- for symbol er og viktig.

Svar frå ordførar:


Dette er eit viktig tema. Vi har hatt ein diskusjon internt om dette over tid, og vi er vell einige om at når den nye kultursjefen tiltrer 1. mai skal vedkomande forberede ei sak som først går til oppvekst- og kulturutvalet, der ein presenterer kva som er behovet og kva som er naturleg at vi har av ting som representerer kommunen samt ordførarkjede, slik at vi får ei politisk handsaming på kva som skal vere innhaldet, pengebruk og kortid ein skal levere.

Røysting:

Ingen røysting.

KOST- 038/23 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
006/23	Kontrollutvalet	14.02.2023
031/23	Kommunestyret	16.03.2023
039/23	Kommunestyret	13.04.2023

Årsplan for kontrollutvalet 2023

KOST- 039/23 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2023 for kontrollutvalet.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2023 for kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka:

Årsplan og fordeling av saker 2023.

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Orientering v/ kontrollutvalsleiar Kjell Heggen.

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar i kontrollutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 039/23 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2023 for kontrollutvalet.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Kommunestyret einige om å utsetje saka.

KOST- 031/23 Vedtak:

Saka utsett.

Kontrollutvalet 14.02.2023:


Handsaming:

KOUT- 006/23 Vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsplan 2023 for kontrollutvalet.

Vedlegg i saken:

Årsplan for kontrollutvalet Kinn - fordeling av saker
Årsplan for kontrollutvalet Kinn 2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
004/23	Kontrollutvalet	14.02.2023
030/23	Kommunestyret	16.03.2023
040/23	Kommunestyret	13.04.2023

Årsmelding 2022

KOST- 040/23 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet har i 2022 har 7 møter og handsama 89 saker inkludert orienteringar. Ei oversikt over sakene fylgjer som vedlegg. Møtebøkene frå utvalet sine møter vart sende til kommunestyret som melding etter kvart.

Saksopplysningar:

Det vert vist til vedlagt framlegg til årsmelding for kontrollutvalet 2022.

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Orientering v/ kontrollutvalsleiar Kjell Heggen.

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar i kontrollutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 040/23 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Kommunestyret einige om å utsetje saka.

KOST- 030/23 Vedtak:


Saka utsett.

Kontrollutvalet 14.02.2023:**Handsaming:****KOUT- 004/23 Vedtak:**

Kontrollutvalet sender saka over til kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:
Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet.

Vedlegg i saken:

Årsmelding for kontrollutvalet Kinn 2022
Vedtaksoppfølging Kinn 2022



Kinn kommune

Arkiv: PlanId-20200114,
PlanNamn-Rv 15
Brunsvik-
Almenningen, gbnr
353/15 m.fl, veg,
PlanType-35, FA-L12,
GBN-353/15

JournalpostID: 23/5833

Sakshandsamar: Kristian Ferdinand
Adolphsen

Dato: 14.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/23	Plan-, miljø og næringsutvalet	28.02.2023
041/23	Kommunestyret	13.04.2023

Sluttbehandling - Detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr 353/15 m.fl, veg

KOST- 041/23 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre godkjenner i samsvar med pbl. §12-12 framlegg til detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr. 353/15 mfl., veg, planID 20200114, med planomtale og ROS-analyse, plankart, sist datert 12.09.2022 og føresegner sist datert 15.02.2023
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørge for at innhaldet i

planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

1. Kinn kommunestyre godkjenner i samsvar med pbl. §12-12 framlegg til detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr. 353/15 mfl., veg, planID 20200114, med planomtale og ROS-analyse, plankart, sist datert 12.09.2022 og føresegner sist datert 15.02.2023
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørge for at innhaldet i

planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

1.

KVA SAKA GJELD

Slutthandsaming av detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr. 353/15 mfl., veg, planID 20200114.

Føremål:


Tilrettelegging for utviding og utbetring av riksveg 15 ved Raudegga i strekning mellom Almenningen og Brunsvik.

Saksgang:

Reguleringsplanen er utarbeidd av Statens vegvesen og sendt til offentlig ettersyn i samsvar med pbl. § 3-7 «Overføring av planforberedelse til statlig eller regional myndighet» Høyringa varte i perioden 03.10.22-15.11.2022, og planen skal etter pbl. §12-10 ferdig-handsamast av kommunen, og leggst fram for kommunestyret for vedtak, jf. pbl. §12-12.



Illustrasjon: lokalisering av planområdet



Illustrasjon: utsnitt med planområdet

INNLEIING

Planforslaget

Forslag til detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr. 353/15 mfl., veg, planID 20200114 er utarbeidd av Statens vegvesen. Bakgrunn for saka og beskriving av tiltaket går fram av forslaget med tilhøyrande skildring.

Planforslaget som skal handsamast består av:

1. Plankart, målestokk 1:1000, datert (mottatt 17.01.2023)
2. Planomtale, datert 17.01.2023
3. Reguleringsføresegner, sist revidert 15.02.2023
4. ROS-analyse hefte, datert 31.05.2022
5. Støysonekart (X104). Ny-situasjon, datert 12.09.22
6. Plan og profil (LAY_C_10700_A3), datert 27.04.2021
7. Kulturhistoriske registreringar, rapport 30-2021, Vestland Fylkeskommune

Formålet med reguleringa

Planen har som føremål å auke trafikktryggleik ved å utvide riksveg og ved å utbetre tilkomst til private bueiningar/ fritidsbustad ovanfor riksveg og til naust nedanfor riksveg.

Forhold til overordna planar

Planforslaget er i hovudtrekk i tråd med dei overordna planane. Området er i kommuneplanens arealdel for perioden 2002-2014, vedteken 13.11.2002 avsett til arealformåla veg, naust og LNF-spreidd.

Eventuelle endringar i forhold til den overordna planen:


- a. I detaljreguleringa er det sett byggegrense på 50 meter frå senter veg i samsvar med veglova, med unntak av byggeområdet for naust, BAS. Gjeldande kommuneplan opna for 3 nye naust i avsett etablert naustområde, medan detaljplanforslaget har avgrensa til totalt 3 naust, som tilsvara det som er etablert per i dag.
- b. Tidlegare LNF-spreidd areal innan planområdet er tilbakeført til LNFR. Dette arealet ligg i hovudsak i raud støysone og er soleis ueigna for å etablere tiltak

med varig opphald.

Detaljreguleringa har i hovudsak ingen konsekvens for allereie etablerte tiltak.



Område nord for rv 15 (i mørkegrønt og med skravur) blir regulert til LNFR. areal.



Illustrasjon støykart. Raudt felt syner avgrensa brukbarheit av gjeldande LNF-spreidt-areal.

Førstegongsbehandling

Planforslaget handsama etter PBL §3-7 og har difor ikkje vore til 1. gongs handsaming i Plan-, miljø -og næringsutvalet.

Høyringsfråsegner

Planforslaget blei lagt ut til offentlig ettersyn i perioden frå 03.10.22 til 15.11.2022. I same periode blei forslaget sendt til uttale mellom anna til regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenesteområde i kommunen. Det kom inn totalt 5 fråsegner. Dei følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i merknadene er refererte i eit eige vedlegg.

Motsegner

Det er ikkje varsla motsegner til planen frå fylkeskommunen, nabokommunar eller statlege fagmyndigheiter der saksområdet blir påverka. Kommunestyret kan dermed vedta reguleringsplanen.

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

VURDERING

Innkomne merknader

Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av vedlegget med oppsummering av merknadane. I vurderinga kjem både Statens vegvesen og kommunen sine vurderingar fram.

Statens Vegvesen har innarbeidd følgjande endringar i plandokumenta etter offentlig høyring:

- I plankartet er føresegnssområde for ID278762 som er frigitt merka med #3-
- I føresegnene under punkt 6. er tilført ny føresegn knytt til kulturminnet id 278762.
- I planomtalen er tekst under punkt 1. Innleing endra.
- Datoar på endra dokument er oppdaterte.

Kinn kommune har i tillegg innarbeidd nokre presiseringar i føresegnene, for å

tydeleggjere krav som gjeld, spesielt utanfor sjølve vegarealet. Desse er vist med raud skrift i vedlagte føresegn sist revidert 15.02.2023.

SAMLA VURDERING

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og varetek nødvendige omsyn. Det er ein mindre vesentleg motstrid mellom planforslaget og areal avsett til naust og LNF-spreidd. I høyringa vart det ikkje spelt inn interesse eller framtidige planer for tiltak innan desse areala.

Vekt på auka trafikksikker veg og trygge avkøyrslar er lagt til grunn for sluttbehandling og forslag til vedtak i saka.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at planforslaget Detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr. 353/15 mfl., veg, planID 20200114, blir godkjent, med dei endringar som framgår av reviderte føresegner.

Økonomiske konsekvensar:

Godkjenning av planframlegget har ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen

Miljømessige konsekvensar:

Dei miljømessige konsekvensane går fram av planomtalen.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter
Statens Vegvesen sine vegnormalar og handbøker

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

KOST- 041/23 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre godkjenner i samsvar med pbl. §12-12 framlegg til detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr. 353/15 mfl., veg, planID 20200114, med planomtale og ROS-analyse, plankart, sist datert 12.09.2022 og føresegner sist datert 15.02.2023
2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørge for at innhaldet i

planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

Plan-, miljø og næringsutvalet 28.02.2023:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMNUV- 024/23 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre godkjenner i samsvar med pbl. §12-12 framlegg til detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr. 353/15 mfl., veg, planID 20200114, med planomtale og ROS-analyse, plankart, sist datert

12.09.2022 og føresegner sist datert 15.02.2023

2. Kommunedirektøren skal før kunngjering av vedtak, sørge for at innhaldet i planen og framstillinga av han blir digitalisert og kvalitetssikra, og at eventuelle mindre suppleringar og justeringar blir gjorde.

Vedlegg i saken:

Merknadshandsaming Detaljregulering for Rv 15 Brunsvik-Almenningen, gbnr 35315 m.fl, veg (536645)

Regplan rv. 15 Brunsvik-Almenningen 16.01.2023

Reguleringsføresegner_Rev_15.02.2023


Planomtale 17.01.2023

ROS-analyse hefte 31.05.2022.PDF

X104_Støysonekart_Ny-situasjon 12.09.22.PDF

LAY_C_10700_A3

Kulturhistoriske registreringar



Arkiv: PlanId-20200001,
PlanNamn-Oppheving
av reguleringsplanar,
PlanType-31, FA-L12,
GBN-26/234, FE-140,
PlanNamn-Oppheving
av gamle
reguleringsplanar
Florelandet -
Brandsøy, PlanNamn-
Oppheving av gamle
reguleringsplanar -
Florelandet -
Brandsøy, GBN-27/20

JournalpostID: 22/47761

Sakshandsamar: Heidi Dyrøy

Dato: 08.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/23	Plan-, miljø og næringsutvalet	21.03.2023
042/23	Kommunestyret	13.04.2023

Vedtak - oppheving av gamle reguleringsplanar Florelandet - Brandsøy

KOST- 042/23 Vedtak:

Kommunestyret viser til vedtaket i utvalet og framlegget til Grønnevik og sender saka tilbake til utvalet for å vurdere korleis dei omsyna Grønnevik mfl har peika på praktisk kan ivaretakast.

Vedtak som innstilling frå Plan-, miljø og næringsutvalet - 21.03.2023

Kinn kommunestyre vedtar med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 å oppheve alle reguleringsplanar i tabell 2 i vedlegg 1 inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner. For tabell 1 i vedlegg 1, skal alle reguleringsplanar opphevast, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner med unntak av planID 19840105,20020107 og 20080110. Desse skal vurderast i samband med endring av kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy, planID 20200001 etter plan- og bygningslova § 11-17.

Kinn kommunestyre vedtar med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 å oppheve alle reguleringsplanar i tabell 1 og 2 i vedlegg 1, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner.

Kva saka gjeld:

I samband med vedtak av ny kommunedelplan for Florelandet-Brandsøy er det naudsynt å oppheve gamle reguleringsplanar for å gjere plansituasjonen eintydig og legge til rette for at utviklingstrekk i den nye kommunedelplanen vert følgt opp. Planane som skal opphevast går fram av tabell 1 og 2 i vedlegg 1.

Det har vore sendt brev til offentlege instansar samt alle partar om er berørt av dei planane som skal opphevast. Det er kome 26 merknadar. Etter kommunedirektøren si vurdering er det ikkje kome merknadar som gjev grunnlag for å ikkje gå vidare med oppheving av dei gamle reguleringsplanen. Merknadane gjev imidlertid grunnlag for å vurdere oppstart av endring av kommunedelplanen.

Innleiing

Ny kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy vart godkjent i Kinn kommunestyre 16.06.2022. I samband med godkjenning av ny kommunedelplan må kommunen oppheve fleire gamle og utdaterte reguleringsplanar, den eldste frå 1957. Alle berørte grunneigarar vart varsla om dette via SMS varsling 10.12.2019. Då det har teke noko tid mellom varsling av oppheving av planane og vedtak av kommunedelplanen, vart oppheving av planen varsla på nytt med annonse i Firdaposten 10.08.2022. Det vart vidare sendt brev 03.10.2022 til offentlege instansar samt alle partar om er berørt av dei planane som skal opphevast. Det er kome 26 merknadar.

Merknadane og administrasjonen si vurdering av desse kjem fram av vedlegg.

Vurdering:

Hensikta med å oppheve alle dei gamle reguleringsplanane sine arealkart og føresegner er å gjere det enklare og meir føreseieleg for grunneigarane og dei som ønskjer å bygge i framtida ved at det i hovudsak blir ein plan å forhalde seg til. Handsaminga av plan- og byggesaker vil også bli meir effektiv ved at det ikkje blir motstrid mellom den nyaste og den mest detaljerte planen.

Der det har vore tenleg har intensjon og føresegner blitt innarbeidd i kommunedelplanen for Florelandet-Brandsøy med tilhøyrande arealføremål. Mykje av innhaldet i dei gamle planane går heilt ut, då dei gamle planane er utdaterte og hindrar ei heilskapleg utvikling av områda, slik kommunedelplanen legg til rette for.

Ved gjennomgang av merknadane til oppheving av reguleringsplanar ser administrasjonen at det er grunnlag for å starte arbeid med endring av kommunedelplanen, då den på nokre områder har gjeve utslag som ikkje er ønskjeleg, jf. merknadshandsaminga. Forholda som fleire viser til i merknadane må vurderast gjennom ei endring av kommunedelplanen, då ein ny kommunedelplan vil gjelde før ein eldre reguleringsplan. Endring av kommunedelplanen er ein prosess som må gjerast uavhengig av oppheving av gjeldande reguleringsplan. Med bakgrunn i dette, er det etter administrasjonen si vurdering ikkje kome merknadar som gjev grunnlag for å behalde nokon av dei reguleringsplanen som er føreslege oppheva.

Kommunen har og ei rekkje reguleringsplanar som tidlegare har blitt erstatta av andre planar, utan at desse er formelt oppheva. Også desse planane skal opphevast. Lista over desse finn ein i tabell 2.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i det overståande tilrår kommunedirektøren at reguleringsplanane i tabell 1 og 2 i vedlegg 1 vert oppheva. Administrasjonen vil fremje eiga sak i høve oppstart av prosess med endring av kommunedelplanen.

Økonomiske konsekvensar:

Vedtaket vil ikkje ha direkte økonomiske konsekvensar for kommunen.

Miljømessige konsekvensar:

Vedtaket vil ikkje ha miljømessige konsekvensar.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Tillegg til vedtak, foreslått av Vidar Grønnevik, Kinn Høyre
Innbyggjarar som kan vise til at dei mister klare rettar ved at reguleringsplanane i denne saka vert sletta, har rett til å ta det opp med kommunen for konkret politisk behandling for å avklare om dette er i tråd med intensjonen i saka.

Utsettingsframlegg:, foreslått av Jacob Andrè Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Kommunestyret viser til vedtaket i utvalet og framlegget til Grønnevik og sender saka tilbake til utvalet for å vurdere korleis dei omsyna Grønnevik mfl har peika på praktisk kan ivaretakast.

Røysting:

Utsettingsforslag frå Nødseth samrøystes vedtatt.

KOST- 042/23 Vedtak:

Kommunestyret viser til vedtaket i utvalet og framlegget til Grønnevik og sender saka tilbake til utvalet for å vurdere korleis dei omsyna Grønnevik mfl har peika på praktisk kan ivaretakast.

Plan-, miljø og næringsutvalet 21.03.2023:

Handsaming:

Justert framlegg frå kommunedirektøren, foreslått av ,
Kinn kommunestyre vedtar med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 å oppheve alle reguleringsplanar i tabell 2 i vedlegg 1 inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner. For tabell 1 i vedlegg 1, skal alle reguleringsplanar opphevast, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner med unntak av planID 19840105,20020107 og 20080110. Desse skal vurderast i samband med endring av kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy, planID 20200001 etter plan- og bygningslova § 11-17.

Røysting:


Justert framlegg frå kommunedirektøren samrøystes vedtatt.

PMNUV- 033/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre vedtar med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 å oppheve alle reguleringsplanar i tabell 2 i vedlegg 1 inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner. For tabell 1 i vedlegg 1, skal alle reguleringsplanar opphevast, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner med unntak av planID 19840105,20020107 og 20080110. Desse skal vurderast i samband med endring av kommunedelplan for Florelandet – Brandsøy, planID 20200001 etter plan- og bygningslova § 11-17.

Vedlegg i saken:

Innkomne merknadar_KDP Florelandet_Brandsøy
Vedlegg1



Saksnr.	Utval	Møtedato
035/23	Formannskapet	23.03.2023
043/23	Kommunestyret	13.04.2023

Rebudsjettering unytta investeringsløyving per 31.12.2022

KOST- 043/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2022 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving kr 3,517 mill.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 23.03.2023

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2022 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving kr 3,517 mill.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2022 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving kr 3,517 mill.

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for 2022 er avlagt, og det er høve til å gjere ein konkret rebudsjettering per investeringsprosjekt. Rebudsjetteringa i saka tar utgangspunkt i investeringsoversyn frå årsrekneskapen for 2022.

Kinn kommune hadde budsjettert investeringsløyving per 31.12.2022 på kr 275,701 mill. Rekneskapen per 31.12.2022 viser at vi har brukt kr 272,184 mill og har ei unytta investeringsløyving på kr 3,517 mill.

I tråd med vegleiar for budsjettering av investeringar, rebudsjetterer Kinn kommune unytta investeringsløyving pr 31.12.2022, kr 3,517 mill.

Saksopplysningar:

I oktober 2011 ga Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) ut ein ny vegleiar for budsjettering av investeringar. Vegleiaren byggjer på at investeringsbudsjettet er ettårig, dvs årsavhengig, og at årlige løyvingar er naudsynt for å kunne pådra seg utgifter i budsjettåret. Vidare er alle investeringsmidlar frie, og må sjåast på som fellesfinansiering av investeringsporteføljen. Einaste unntak frå prinsippet om fellesfinansiering er øyremerkta finansiering. Denne saka er avgrensa til å gjelde unytta løyvingar per 31.12.2022. Investeringsbudsjett 2023 gjeld såleis som vedteke i kommunestyre i sak 183/22 15.12.2022, og revidering av investeringsløyvingar for 2023 kjem eventuelt som del av sak om revidert budsjett 2023.

Innleiing:

I oktober 2011 ga Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) ut ein ny vegleiar for budsjettering av investeringar.

Formålet er å lage en veileder for kommunesektoren om hvordan investeringer skal budsjetteres og følges opp, samt hvordan investeringsregnskapet skal avsluttes. Veilederen skal bidra til god praksis på området, og fremme løsninger for god økonomiforvaltning i samsvar med regelverket.

I samandraget i vegleiaren går det med anna fram:

Rammene for budsjettering av investeringer, og avslutning av investeringsregnskapet, er:

- 1. Investeringsbudsjettet er ettårig, altså årsavhengig*
- 2. Årsbudsjettet er bindene for underordnede organ, og årlige bevilgninger er nødvendig for å kunne pådra seg utgifter i budsjettåret*
- 3. Investeringsbudsjettet må reguleres ved behov for å tilfredsstille krav til balanse og realisme*
- 4. Alle midler er frie og ansees som felles finansiering av investeringsporteføljen, unntatt øremerke finansiering fra andre*
- 5. Begrepet udekket/udisponert gjelder differansen mellom samlet tilgang og samlet bruk av midler i året for investeringsregnskapet, og ikke avvik på de enkelte investeringsrammene eller avvik på enkeltprosjektnivå*

For å støtte vegleiaren må Kinn kommune rebudsjettere unytta løyvingar per 31.12.2022.

Vurderingar:

Rekneskapen for 2022 er avlagt, og det er høve til å gjere ein konkret rebudsjettering per investeringsprosjekt. Rebudsjetteringa i tabellen i saka tar utgangspunkt i investeringsoversyn frå årsrekneskapen for 2022. Tabell er vedlagt i saka og gir oversikt over rebudsjettering per prosjekt.

Samla sett blir det i denne saka rebudsjettert brutto løyvingar på til saman kr 3,517 mill.

Forklaring til kolonnene i tabellen:

Kolonne 1: Prosjektnummer i investeringsbudsjettet.

Kolonne 2: Prosjektnavn i investeringsbudsjettet.

Kolonne 3: Rekneskap 2022

Kolonne 4: Budsjett 2022

Kolonne 5: Status per 31.12.2022. I tråd med årsrekneskapen 2022.

Kolonne 6: Rebudsjettering av unytta investeringsløyving.

Kolonne 7: Kommentar til rebudsjettering

Meirforbruk knytt til prosjekt "26004 Bustader for flyktningar" må sjåast i samanheng med mindreforbruk på prosjekt "11010 Strategisk arealkjøp". Vi har likevel ei utfordring samla sett, då vi har solgt for lite areal for å finansiere desse kjøpa. Dette vil bli jobba med å få innarbeidd i budsjett 2023.

Prosjekt 11010 Strategisk arealkjøp

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Mindreforbruk - Meirforbruk +
Kjøp av bustad	2 467	15 000	-12 533
Salg av bustad	-606	-15 000	14 394
Sum			1 861

Prosjekt 26004 Bustader for flyktningar

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Mindreforbruk - Meirforbruk +
Kjøp av bustad	22 324	10 000	12 324
Sum			12 324

Økonomiske konsekvensar:

Saka tar for seg rebudsjettering av unytta investeringsløyvingar per 31.12.2022. Saka utløyser ikkje nye låneopptak utover tidlegare kommunestyrevedtak.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner) Vegleiar frå KRD av oktober 2011: Budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsregnskapet

Behandling i folkevalde organ:**Kommunestyret 13.04.2023:****Handsaming:****Røysting:**

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 043/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2022 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving kr 3,517 mill.

Formannskapet 23.03.2023:**Handsaming:****Røysting:**


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

FORM- 035/23 Vedtak:

Kinn kommunestyre rebudsjetterer unytta investeringsløyvingar per 31.12.2022 slik det går fram av vedlagt tabell i saka, med ein samla sum på brutto løyving kr 3,517 mill.

Vedlegg i saken:

Tabell til rebudsjettering investering 31.12.2022



Arkiv: PlanId-352/7,
PlanNamn-
Allmenningen
næringsområde,
PlanType-35, FA-L12,
GBN-352/7
JournalpostID: 23/9907
Sakshandsamar: Heidi Dyrøy
Dato: 09.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/23	Plan-, miljø og næringsutvalet	21.03.2023
044/23	Kommunestyret	13.04.2023

Behandling av klage - Detaljregulering for Almenningen, gbnr 352/7 m.fl., næring

KOST- 044/23 Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren si grunngjeving, og finn ikkje grunn for å ta klagen til følge.

Saken vert oversendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Framlegg til vedtak

Plan- miljø- og næringsutvalet sluttar seg til kommunedirektøren si grunngjeving, og finn ikkje grunn for å ta klagen til følge.

Saken vert oversendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Kva saka gjeld

Kinn kommunestyre vedtok endeleg godkjenning av Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 mfl., næring, planID 20210113 i møtet 15.12.2022. Ose As klager på vegne av Nordvestvinduet eiendom AS på tillegg i føresegnene punkt 3.1.2 andre kulepunkt som vart lagt til etter offentlig høyring. Kommunedirektøren tilrår å ikkje ta klagen til følge.

Saksutgreiing:

Kinn kommunestyre fatta vedtak i om endeleg godkjenning av Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 mfl., næring, planID 20210113 i sak 168/22 i møtet 15.12.2022.

Før vedtak vart det gjort mindre endringar i føresegnene for å imøtekomme innspel i høyringsperioden. Mellom anna vart det lagt til eit tillegg i føresegnene punkt 3.1.2 andre kulepunkt:

«Topp fylling innafor område NÆ kan strekkje seg til byggegrense mot sjø. Fylling i sjø utanfor byggegrensa skal avsluttast med kaifront mot sør. Mot vest og aust kan område

NÆ avsluttast med fyllingsfot.»

Dette tillegget vart teke inn for å imøtekome merknad frå Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen viser i sin merknad til at Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen har opna for at det kan etablerast sjøtilknytt næring i strandsona, og at ein må tenkje langsiktig ved utfylling, slik at utfyllinga ikkje vanskeleggjer ev. framtidig sjøtilknytt aktivitet på området.

Ose As klager på vegne av Nordvestvinduet eiendom AS på dette tillegget i føresegnene i brev datert 16.01.2023. I klagen er det lagt vekt på følgande moment:

1. Kaifront vil være vesentleg dyrare å bygge enn plastring av fyllingsfot. Dersom ein ikkje fyller til byggegrensa vil ein få mindre utbyggingsareal.
2. Kaifronten vil bli veldig lang, og det er ikkje naudsynt med så lang kai til eit såpass lite næringsareal.
3. Det er ikkje gjort ei vurdering av djupne ved kaifront, og kaia vil få lite djupne slik planframlegget er utforma.
4. Slik planen var utforma ved høyring ville det ikkje hindra sjøtilknytt aktivitet frå planområdet
5. Forslagsstillar Nordvestvinduet eiendom AS har ikkje fått endringane som vart gjort før vedtak til uttale.

Med bakgrunn i momenta over ber dei om at heile punkt 3.1.2 andre kulepunkt vert teke ut av føresegnene.

Vurdering:

Klagen er kome inn innanfor klagefristen, og kan difor handsamast. Momenta i klagen vert vurdert punktvis under.

1. Auka kostnad ved kaifront.

Den nye føresegna seier at «Topp fylling innafor område NÆ kan strekkje seg til byggegrense mot sjø. Fylling i sjø utanfor byggegrensa skal avsluttast med kaifront mot sør.» Den pålegg såleis ikkje å byggje kai over heile fronten mot sør, men seier at dersom det skal fyllast utanfor byggegrensa skal det arealet avsluttast med kaifront. I prinsippet kan ein derfor avslutte fylling innanfor byggegrensa utan å byggje kai i det heile. Ny utfylling vil kunne innebere ei utviding av næringsareal på om lag 10,5 daa. Ved å ikkje gå utanfor byggegrensa vert arealet om lag 1,5 daa mindre, men det er ikkje gjort reduksjon i talet på bruksareal som kan byggjast innanfor arealet.. Administrasjonen kan derfor ikkje sjå at punkt 3.1.2 andre kulepunkt vil påføre utbyggjar vesentleg auke i kostnadane med utfylling.

2. Kaifronten vil bli veldig lang

Som vist til ovanfor set ikkje punkt 3.1.2 andre kulepunkt krav om at heile søre del av fronten skal utformast som kai, den seier at areal utanfor byggegrensa skal utformast som kai. Dette betyr at ein i detaljprosjektering før fyllinga tek til, må bestemme kvar ein eventuell kaifront skal ligge.

3. Kaifront vil ikkje ha tilfredsstillande djupne


Som kartutsnitt på neste side viser er det til dels djupt i området, og det vil såleis kunne ligge godt til rette for kai mot sør. Kravet til djupne for ei djupvasskai er til dømes 10 m. Å sikre tilfredsstillande djupne ved kai vil være ein del av detaljprosjekteringa, og er mogleg å løyse teknisk, t.d. ved at fyllingstoppen vert trekt lenger bak, med mur i front, slik at ein får same utbyggingsarealet på toppen.

4. Det ville kunne etablerast sjøretta aktivitet på området utan endringa i føresegnene

Slik administrasjonen vurderer forholda vil det vanskeleg kunne etablerast sjøretta næring på arealet med kaifront utan tillegget i føresegnene. Dette var bakgrunnen for at punkt 3.1.2 andre kulepunkt vart lagt til.

Som kartutsnittet på neste side viser så vil fyllingsfoten strekkje seg heilt i plangrensa, dette fordi det er relativt djupt i området. Dersom ein ikkje tek omsyn til kaiavslutting før etter utfylling, vil ein kunne måtte utvide arealet i sjø for å få tilfredsstillande djupne ved kai. I sør/austre del av planområdet kjem fyllinga inn i eit areal for skjellsand. Denne skjellsandførekomsten har fått verdi A: svært viktig» i Naturbase.

Administrasjonen meiner derfor at det er viktig at det vert sikra tilrettelegging for kai innafor allereie regulert areal, då ei utviding vil kunne gje vesentleg negative konsekvensar for skjellsandførekomsten.



5. Forslagsstillar har ikkje hatt høve til å uttale seg til endringane

Når kommunen tek ein detaljreguleringsplan til handsaming og legg den ut til ettersyn er det kommunen som er eigar av planen. Det er vidare kommunen sitt ansvar å vurdere behov for å innarbeide merknadar til høyringa i planframlegget før vedtak, slik at innspel i høyringsperioden i naudsynt grad vert teke omsyn til. Administrasjonen ser at ein nok med fordel kunne gjort forslagsstillar merksam på at det ville bli endringar i føresegnene, men om ein vil kunne ta omsyn til eventuelle merknadar frå forslagsstillar sine merknadar til slike endringar, er usikkert.

Samla vurdering:

Med bakgrunn i vurderinga over er kommundirektøren si tilråding å ikkje ta klagen til følgje.

Økonomiske konsekvensar:

Framlegg til vedtak har ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen.

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Habilitetsvurdering av Gustav Johan Nydal som er styreformann i Nordvestvinduet AS og dermed er part i saka. Nydal vart samrøystes erklært inhabil jf. forvaltningslova § 6 2.

ledd, og fråtreddede møte under handsaming av saka.

Røysting:

Innstilling frå plan-, miljø og næringsutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 044/23 Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren si grunngjeving, og finn ikkje grunn for å ta klagen til følgje.

Saken vert oversendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Plan-, miljø og næringsutvalet 21.03.2023:

Handsaming:

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

PMNUV- 034/23 Vedtak:

Plan-, miljø- og næringsutvalet sluttar seg til kommunedirektøren si grunngjeving, og finn ikkje grunn for å ta klagen til følgje.

Saken vert oversendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Vedlegg i saken:


Oppdatert klage på vedteken reguleringsplan Privat detaljreguleringsplan for Allmenningen, gbnr. 352/7 m. fl., næring, planID 20210113

RE Privat reguleringsplan for Allmenningen, gbnr. 352_7 m. fl

Endeleg godkjenning - Privat detaljregulering for Allmenningen, gbnr. 352/7 m. fl., næring, planID 20210113

Føresegner_til_vedtak

Oppdatert plankart gbnr 352/7 m-fl



Saksnr.	Utval	Møtedato
011/23	Kontrollutvalet	09.03.2023
032/23	Kommunestyret	16.03.2023
045/23	Kommunestyret	13.04.2023

Revisjonsrapport - berekning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste

KOST- 045/23 Vedtak:

1. Det ligg til Utvalet for politisk organisering å komme med revidert forslag til godtgjerslereglement for kommande periode.
2. Styreleiarar og medlemmer i styrer i kommunale føretak skal ha krav på vederlag for tapt arbeidsinntekt i tråd med kommunens godtgjersleregulativ fram til nytt reglement er på plass.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet kjem med slik tilråding til kommunestyret:

1. Kinn kommune må revidere sitt godtgjersleregulativ for folkevalde og ombod i Kinn kommune 2019-2023, vedtatt 06.11.2019, kommunestyresak 024/19. Sist oppdatert pr 14.12.2021.
2. Kinn kommune må vurdere om prosentsatsen (4,5%) for vervet som leiar i KF står i eit rimeleg forhold til den arbeidsmengda som ligg til dette vervet.
3. Dei som nyttar seg av regulativet må sende inn sine krav med dei fristar som vert sett i det vedtekne regulativet. Ein kan vurdere å forlenge fristen i regulativet til for eksempel innan rekneskapsårets slutt. Det er nokon utfordringar kring budsjetteringar om krava går over i nytt rekneskapsår. I tillegg vert det ein del meirarbeid for dei som skal godkjenne krav som går langt tilbake i tid.

Bakgrunn for saka:

Under saker til eventuelt seinare handsaming, i møte 18.10.2022, fatta kontrollutvalet vedtak om ei undersøking om berekning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste er gjort i henhald til kommunelova og kommunen sitt vedtekne godtgjersleregulativ. Frist for gjennomføring innan 01.03.2023.

Vestland revisjon KO har no gjennomført undersøkinga og rapporten ligg føre.

Saksopplysningar:

Vestland revisjon KO starta arbeidet med ein dialog med leiar av kontrollutvalet og Vest kontroll. Undersøking vart då spissa til å omhandle korleis Kinn kommune sitt godtgjersleregulativet vert praktisert i forhold til leiarane i Kinn kommune sine KF og korleis godtgjersleregulativet vert praktisert når det gjeld alle medlemene i kontrollutvalet i Kinn kommune.

Oppsummeringa frå rapporten er som fylgjer:

Vårt inntrykk av korleis regulativet vert praktisert er at det vert praktisert ulikt. Når noko har ein ulik praksis kan det tyde på at regulativet er open for tolking. Vi finn at regulativet ikkje er heilt beint fram lett å forstå og at det kan oppfattast som om at det er eit viss rom for tolking.

I kapittel 14. om kommunale føretak står det at reglane for tapt arbeidsforteneste gjeld for KF som for hovudutvala mv Vidare så er ikkje leiarane i KF nemnd i kapittel 1. punkt 1.3 over dei som skal ha fast godtgjersle. Men leiarane for utvala og kontrollutvalet er nemnd her. Ser vi i kapittel 16 regulativ for godtgjersle så seier den mellom anna at leiarane av hovudutvala sin godtgjering skal dekke både tapt arbeidsforteneste og møtegoddgjøring. Den same teksten står ikkje under leiarane i KF, der står det at godtgjeringa på 4,5% av ordførarløna skal dekke møtegoddgjøring.

Når vi samanliknar leiarane i hovudutvala og leiarane i dei kommunale føretaka så ser vi at teksten i tabellen ikkje er heilt lik. Sjølv om det står i kapittel 14 kommunale føretak at dei skal handsamast likt . Vi synes det vert vanskelig å tolke regulativet når ein etter vår oppfatning er noko upresis i omtalen av kven som skal ha kva for godtgjeringar i følge regulativet.

Praksisen av utbetaling av tapt arbeidsforteneste til leiarane i dei kommunale føretaka syner at regulativet vert tolka ulikt då ikkje alle leiarane i dei forskjellige KF blir behandla likt.

Kontrollutvalet sin leiar får godtgjøring lik 4,5 % av ordførar si løn. Leiar i kontrollutvalet har ikkje fått utbetalt tapt arbeidsforteneste. Dei medlemene i KU som vi har kontrollert har fått utbetalt møtegoddgjøring i henhold til regulativet. Men vi ser at for året 2022 er det nokon som ikkje har kravd møtegoddgjersle for årets møter i KU. Vi har derfor omtala dette med kapittel 12. innlevering av reiserekningar m.v. som omhandlar reiserekningar med krav om at godtgjersler og vederlag skal sendast seinast 3 mnd etter at møte er halde.

Vurderingar:

Det vert elles vist til vedlagt rapport med vedlegg.

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

1. Det ligg til Utvalet for politisk organisering å komme med revidert forslag til godtgjerslereglement for kommande periode.
2. Kommunestyret pålegg kommunedirektøren å syte føre at eventuell utbetaling av godtgjersle for tapt arbeidsforteneste vert praktisert likt for alle kommunale føretak (KF) i inneværande periode.

Revidert forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

1. Det ligg til Utvalet for politisk organisering å komme med revidert forslag til godtgjerslereglement for kommande periode.
2. Kommunestyret pålegg kommunedirektøren å syte føre at eventuell utbetaling av godtgjersle for tapt arbeidsforteneste vert praktisert likt for alle kommunale føretak (KF) i innværande periode. Det tyder at alle leiarar i KF skal få dekkja tapt arbeidsforteneste.

Alternativ til punkt 2 i Raudt sitt framlegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

2. Styreleiarar og medlemmer i styrer i kommunale føretak skal ha krav på vederlag for tapt arbeidsinntekt i tråd med kommunens godtgjersleregulativ fram til nytt reglement er på plass

Orientering v/ forvaltningsrevisor Trine Havn.

Røysting:

Innstilling får kontrollutvalet falt med 0 røyster.

Revidert forslag frå Raudt til punkt 1 samrøystes vedtatt.

punkt 2 frå Raudt falt med 11 røyster (4 R, 1 SV v/ Ingunn Frøyen, 2 SP V/ Olav Horn og Torgunn Eikevik, 1 H v/ Anett Berg og 3 uavhengige v/ Tom Hopland, Randi Aare og Asgeir Solheim).

Alternativt framlegg til punkt 2 frå Djuvik vedtatt med 28 røyster (2 FRP, 2 MDG, 11 AP, 4 V, 5 H, 1 KRF, 3 SP).

KOST- 045/23 Vedtak:

1. Det ligg til Utvalet for politisk organisering å komme med revidert forslag til godtgjerslereglement for kommande periode.
2. Styreleiarar og medlemmer i styrer i kommunale føretak skal ha krav på vederlag for tapt arbeidsinntekt i tråd med kommunens godtgjersleregulativ fram til nytt reglement er på plass.

Kommunestyret 16.03.2023:

Handsaming:

Saka trekt frå sakliste under handsaming av sak 022/23 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen handsaming, ingen votering.

KOST- 032/23 Vedtak:


Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

Revisjonsrapport bergning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste 28.02.2023

Godtgjersleregulativ kinn kommune

Uttalelse frå kommunedirektøren



Saksnr.	Utval	Møtedato
046/23	Kommunestyret	13.04.2023

Interpellasjonar

KOST- 046/23 Vedtak:

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:


Handsaming:

KOST- 046/23 Vedtak:

Underliggende sak:

002/23, Interpellasjon/ spørsmål til kommunestyremøte 13.04.2023 - Symbol og symbolikk i Kinn kommune
Ingen vedtak.

003/23, Spørsmål til kommunestyremøte 13.04.2023 - ordninga om fritak frå eigedomsskatt
Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
002/23	Kommunestyret	13.04.2023

Interpellasjon/ spørsmål til kommunestyremøte 13.04.2023 - Symbol og symbolikk i Kinn kommune

KOST- 002/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Spørsmål frå Arlene Vågene:

Kinn kommune har rukket mykje i den korte tida vi har eksistert. Vi er kåra til Noregs raraste kommune, vi har vunne Lev Vel prisen for gode tenester til eldre og vi har vunne pris for innkluderingsarbeidet vårt. Dette viser at vi gjer mykje rett og kommunen leverer gode tenester til innbyggjarane sine- som er det aller aller viktigste vi held på med som kommune.

Hausten 2022 landa vi på at vi held fram som Kinn kommune. Sjølv om det var delte meiningar om dette er det vedtatt at vi er ein kommune og at vi skal halde fram som ein kommune. Då tenker eg at det er på sin plass å gjere dei vedtak som kanskje ikkje vert rekna som dei viktigste i eit kommunestyre, men som eg meiner faktisk betyr ein god del. Åpninga av Vetlandshuset var ei påminning om at det er ein del som ikkje er heilt på plass i kommunen vår.

Symbol og symbolikk er med på å skape identitet og samfølelse. Vi treng å bygge Kinn kommune vidare og vedtak om symbola våre bør og vedtas. Eg ønsker derfor sak til kommunestyret om kva vedtak vi manglar, i tillegg til stein treng vi nok å finne ut kva som skal vere kommune blomst, fugl og sikkert andre ting. Vi har mange driftige innbyggjarar, med kunnskap om det meste. Her er det bare å sette i gong med forslagskonkurranse til dømes. Eller ei anna god løysing. I media har eg vist fram Mats Brunsvik skisse til eit nytt ordførar kjede. Eg ber og om sak på korleis vi kan få eit ordførarkjede i Kinn kommune.

Eg er stolt av kommunen min, og det er det nok mange andre som er og. Nå er det tid for å vedta og symbolpolitikk- for symbol er og viktig.

Svar frå ordførar:

Dette er eit viktig tema. Vi har hatt ein diskusjon internt om dette over tid, og vi er vell

einige om at når den nye kultursjefen tiltrer 1. mai skal vedkomande forberede ei sak som først går til oppvekst- og kulturutvalet, der ein presenterer kva som er behovet og kva som er naturleg at vi har av ting som representerer kommunen samt ordførarkjede, slik at vi får ei politisk handsaming på kva som skal vere innhaldet, pengebruk og kortid ein skal levere.

Røysting:

Ingen røysting.

KOST- 002/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Vedlegg i saken:

Følgeskriv



Saksnr.	Utval	Møtedato
003/23	Kommunestyret	13.04.2023

Spørsmål til kommunestyremøte 13.04.2023 - ordninga om fritak frå eigedomsskatt

KOST- 003/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i folkevalde organ:

Kommunestyret 13.04.2023:

Handsaming:

Spørsmål får Daniel Henriksson:

Den 16 mars i år vedtok kommunestyret i sak 033/23 prinsipp, saksgang og søknadsskjema for fritak frå eiendomsskatt. Vi i Raudt er veldig glade for at denne ordninga no er på plass. Det viktige no framover blir å gjere dette kjent for innbyggjarane våre slik at dei dette gjeld får vite om ordninga. Spørsmål: Korleis skal vi få informert godt om ordninga? Kva planar finst for slik informasjon?

Svar frå ordførar:

Det blir jobba med eit digitalt skjema der ein kan søke om fritak, og dette vil bli ferdig om kort tid. Etter kommunestyrevedtaket i mars har ein jobba med å få laga ein nettartikkel på heimesida kor ein informerer om ordninga og link til søknadsskjema som vi no legg ut. Det blir også presentert nettnyheter i sosiale medier. I tillegg kan vi bruke media, det være seg å lage ei pressemelding med informasjon, om ordninga slik at den på denne måten kan bli kjend.

Røysting:

Ingen røysting.

KOST- 003/23 Vedtak:

Ingen vedtak.